

Skyldskifte.

Den 3.juni 1955 heldt underskrivne, som er oppnemnde av lensmannen, skyldskifte på garden Rosnes

gr.nr. 17 br.nr. 1 med skyld mark 2,23 i Hordabø herad.
Monrad Taule har kravt skyldskifte og har grunnboksheimel til eigedomen.¹⁾

Oppnemninga av skyldskiftemennene ligg ved. Dei har gjeve skjønsmannslovnad så nær som²⁾ Alle har gjeve lovnad tidlegare

Desse møtte:³⁾ Seljaren Monrad Taule. Kjøparen var tilsagd men møtte ikkje. Andre var ikkje turvande i varsle

Til formann vart vald Normann Villanger

Grensene⁴⁾

til den utskilde part : Grenselina tek til ved sjøen i x i berg på vestre sida midt i "Muliholmsundet" og går i sudvestleg leid 42,50 m. til x i berg, derfrå 34,- m. i sydaustleg leid til x i berg, vidare 22,65 m. i sydleg leid til x i stein, går derfrå 27,60 m. i sudvestleg leid til x i berg, vidare 35,- m. i sydaustleg leid til x i berg 3 m. rett opp i berget frå sjömalet der grenselina sluttar. Til bruket høyrer ei garasjetuft som har desse grensemarka: Merket tek til i merkestein med vitner på vestra sida av riksvegen rett tvers av den noverande grindi til bar 3 (Svena), og går i sudvestleg leid 12,50 m. til x i berg, derfrå 6,- m. i sydostleg leid til x i berg, vidare 10,80 m. i nordaustleg leid til

¹⁾ Utan at den som har kravt skyldskifte har grunnboksheimel, eller det er sagt dom for at han eige den utskilde eigedomen, kan ikkje skyldskiftet godtakast til tinglysing. (§ 1 i lov om skyldskifte.)

²⁾ Er det nokon av skyldskiftemennene som ikkje har gjeve slik lovnad som er nemnt i § 20 i lov nr. 1 frå 1/6 1917, skal han før tenesta tek til, skriva under ei fråsegn med denne ordlyden: «Eg lovar at eg i alle saker vil gjera tenesta mi som skjønsmann samvitsfullt og etter beste overtyding, den.....19.... (underskrift).» Denne fråsegna skal sendast til sorenskrivaren saman med skyldskiftedokumenta.

³⁾ Er det nokon av grannane eller partane i skyldskifftet som ikkje møter, må ein her skriva om det er prova at dei er varsle. Like eins om det er grannar ein har funne det uturvande å varsle (§§ 2 og 8 i skyldskiftelova).

⁴⁾ Sjá §§ 3 og 8 i skyldskiftelova. Ein skal ikkje skriva grensene mot granneeidomen utan at eigaren er til stades og samtykkjer i det som vert skrive.

Har nokon av partane kravt at skyldskiftemennene skal avgjera sjølve markeskilet, samstundes med skyldskifftet, (§ 7 i lova), må dei her skriva det som trengst. Det må ikkje skipast bruksrett eller servitutt i skyldskifftet, utan at heftet er vedteke skriftleg av den som har grunnboksheimel til den eigedomen heftet gjeld (§ 5 i lova).

merkestein med vitner, derfra 6,- m. i nordvestleg leid
til utgangspunktet der merket slutter.

e

p:

sk
tu

re

a.)

b.)

1. Er det jordbruk og skog på den eigedomen som vert skift? **Nei**
2. Får kvart bruk nok skog til husbruk og gardstarv etter skiftet?
3. Har eigedomen som vert skift jordbruk, fjellvidd, fjellvatn, elvar og bekker?
4. Får kvart jordbruk nok fjellvidd etter skiftet?

Dersom det vert svara ja på spørsmål 1 og nei på spørsmål 2, eller ja på spørsmål 3 og nei på spørsmål 4, lyt ein og svara på spørsmåla 5, 6 og 7.

5. Har heradstyret samtykt i skyldskiftet?
6. Meiner skyldskiftemennene etter det som ligg føre at den utskilde parten vil verta nytta til dyrkingsjord eller byggjetuft, veg, tuft for industriverksemd eller andre liknande føremål? **Byggetuft**
7. Eller vert eigedomen skift etter § 14 i lov om odels- og åsæteretten frå 26. juni 1821?

Me vitnar:

- a) At det ikkje er skipa nye hopehav ved skiftet. Like vel har me samtykt i at det kan vera hopehav i utmarka på denne måten:
-

Me har ikkje funne det tenleg å skifta meir en som gjort er.¹⁾

- b) At kvart bruk har fått eit so lagleg skap for freding og drift som det er høve til. Skylda på ~~de~~ fråskilde part
~~en~~ er sett til mark **0,01**
-

Hovudbruket har att ei skyld på mark **2,23**

~~De~~ **n** fråskilde part
~~en~~ fekk bruksnamnet²⁾ **Skogtun.**

.....

Kostnadene med skyldskiftet og tinglysinga ber:³⁾ **Vert greid av kjøparen.**

.....

¹⁾ Stryk det som ikkje skal vera.

²⁾ Til bruksnamn må ein ikkje velja namn som alt er i bruk som slektsnamn, utan at det er ålmant nytta. (Jfr. lov frå 9. febr. 1923, nr. 2, § 21.)

³⁾ Er det ikkje nemnt, eller har ikkje partane gjort avtale om kven som skal bera kostnadene ved skyldskiftet skal skyldskiftemennene avgjera det.

Me gjorde partane kjende med at dei kunne anka skyldskiftet til overskjøn, der som dei er misnøgde med den skylda som er sett eller med det markeskilet som er fastslege. Krav om overskjøn må vera kome til sorenskrivaren seinast 3 månader etter at dette skyldskiftet er tinglyst.

Me sannar at me har gjort tenesta vår etter beste skjøn og overtyding og i samsvar med skjønsmannslovnaden.

Me har vedteke at Vorværs Villageier
skal senda skyldskiftedokumentet til sorenskrivaren til tinglysing.

Vorvær Villageier, Olav J. Risnes.
Olov R. Sylla

Godteke til tinglysing 7 juni 1955.

Tinglyst

For sorenskrivaren
Nelly Bell Kunturw.

De nfråskilde part har fått gr.nr. 17 br.nr. 14

For tinglysing kr.